


# Konfirmant 2019

## Suldal - Nesflaten

Kyrkja i Suldal inviterer deg til å bli konfirmert.  
Du er velkomen til konfirmasjonstid i kyrkja  
- anten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig.



### Kva er konfirmasjon?

Ordet **konfirmasjon** betyr stadfesting.

Dåpen er eit synleg teikn på Guds kjærleik til oss og at den som er døypt høyrer til i kyrkja. Dette vert stadfesta i konfirmasjonen. Konfirmasjonstida leier fram mot sjølv konfirmasjonsgudstenesta der kvar enkelt konfirmant blir bedt for.

For å bli konfirmert må du vera døypt. Dersom du ikkje er døypt kan du bli det i løpet av konfirmasjonstida.

## Kva gjer me i konfirmasjonstida?

Konfirmasjonstida i kyrkjene i Suldal har stikkordet «litt av alt».

Nokre gonger løyser me gruppeoppgåver, andre gonger ser me film, har drama eller griller pølser og diskuterer store og små spørsmål. Me ynskjer at du gjennom året skal læra meir og tenkja igjennom tema knytt til m.a. tru/tvil, Bibelen, sjølvbilde, korleis ta gode val, oss i verda og andre tema knytt til Gud og kristen tru. Du treng ikkje å ha tenkt igjennom alt på førehand, men i løpet av året vil du få høve til å gjera deg opp eigne tankar og meiningar knytt til dette. **Uansett: Det viktigaste er at du er villig til å delta i opplegget.**



Frå weekend på Gullingen



Frå pilegrimstur til Mokleiv



## Kva forpliktar konfirmantane seg til?

Dei som melder seg som konfirmantar må møta på alle samlingane og vera villig til å delta på opplegget.

Dei må igjennom året delta på 8 gudstenester og dei får enkle oppgåver på nokre av desse gudstenestene.

Alle konfirmantane i kommunen deltek tysdag før påske i Fasteaksjon i si bygd, der me samlar inn pengar til Kirkens nødhjelp.



Som kyrkje ynskjer me å møta alle konfirmantar og familien deira på ein god måte i deira livssituasjon. Treng du ekstra støtte i samlingane eller tilrettelegging på andre måtar så ta kontakt med oss på førehand. Skriv det i påmeldinga eller ta kontakt direkte med kyrkjekontoret. Skriv og om det er viktige forhold me treng å vite om, til dømes forhold heime, mat- og andre allergiar, dysleksi etc.

# KONFIRMANT\* 2019



## Undervisning

Konfirmantundervisninga vert i Suldal kyrkje kl. 15.00 – 17.00 desse onsdagane:

22/8 – 12/9 – 24/10 – 14/11 – 28/11 – 9/1 – 23/1 – 13/2 – 20/2 – 13/3 – 3/4

(Det kan nok bli endringar i desse datoane)

For nokon av konfirmantane høver kanskje undervisningstidspunktet dårleg. For desse vil det vera mulig å følge undervisning i Suldal kyrkje onsdagar kl. 15.00 – 17.00 (same datoar). Meld frå om dette i e-post til [asbjorn.salthe@gmail.com](mailto:asbjorn.salthe@gmail.com)

## Andre samlingar:

- |                    |  |
|--------------------|--|
| 26. august:        | Gudsteneste kl. 11.00 i Suldal kyrkje med presentasjon av dei som skal konfirmerast i Suldal kyrkje. Etter gudstenesta er det informasjonsmøte for konfirmantar og foreldre. |
| 9. september       | Gudsteneste kl. 11.00 i Nesflaten kapell med presentasjon av dei som skal konfirmerast på Nes. Etter gudstenesta er det informasjonsmøte for konfirmantar og foreldre.       |
| 21.-23. september: | Konfirmantweekend på Gullingen   |
| 9. april:          | Fasteaksjonen: Innsamlingsaksjon for Kirkens Nødhjelp  |
| 24. april:         | Pilegrimsvandring på Mogleiv   |
| 25. mai:           | Konfirmasjonsgudsteneste kl. 11.00 i Suldal kyrkje   |
| 26. mai 18         | Konfirmasjonsgudsteneste kl. 11.00 på Nesflaten kapell   |

I løpet av året skal alle konfirmantane delta ved minimum åtte gudstenester.

## Kostnader/eigeninnsats frå foreldre

- Ein eigenandel på kr 1000,- dekker kostnadar til weekenden. Faktura vil bli sendt.
- Me vil be konfirmantforeldra på Nesflaten om å organisera transport til/frå undervisningssamlingane.
- Me vil be konfirmantforeldra på Osen om å organisera ei enkel matlaging (boller eller liknande) til undervisningssamlingane.
- Det vil òg vera fint om nokre foreldre har høve til å vera med på konfirmantweekend 21.-23. september (heile eller deler av helga, evt. som nattevakt)

Dette vil me snakka meir om på informasjonsmøte i samband med presentasjonsgudstene-  
tene.

### Blir du med?

**Påmelding på heimesida vår innan 20.juni:** [www.suldal.kyrkja.no](http://www.suldal.kyrkja.no)


(Får du ikkje til å melda deg på via heimesida, så send ein e-post til [post@suldal-kyrkje.no](mailto:post@suldal-kyrkje.no) med informasjonen så registrerar me deg).

**Det er viktig at konfirmant og foreldre/føresette fyller ut påmeldinga i lag, då ein treng opplysningar frå begge under påmeldinga.**

**I løpet av konfirmantåret sender me meldingar til konfirmantane på SMS og e-post. Ved påmelding er det derfor viktig om ein oppgir mobilnummer og e-postadresse som slike meldingar skal sendast til.**

Dersom du er døpt i eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja må du levera ein kopi av dåpsattesten. Ta den med på første samling, eller lever den på kyrkjekontoret på Garaneset på førehand.

Med vennleg helsing



Asbjørn Salthe

Sokneprest i Sand og Suldal

### Spørsmål?

E-post: [asbjorn.salthe@gmail.com](mailto:asbjorn.salthe@gmail.com)

Suldal kyrkjekontor: 52790200

Asbjørn Salthe direkte: 92442220